

## **Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget**

**Alexander Fosse Andersen (Sp)** sette på vegner av A, Sp, MDG, SV og V fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkestinget fastset mandat for mobbeomboda slik det går fram av saksutgreiinga.
2. Fylkestinget fastset mandat for elev- og lærlingomboda slik det går fram av saksutgreiinga, men målgruppa for elev- og lærlingomboda skal vere elevar og lærlingar innanfor det fylkeskommunale og private vidaregåande opplæringstilbodet i Vestland. Alle elevar og lærlingar, uavhengig om dei er i eit fylkeskommunalt eller privat vidaregåande opplæringstilbodet, skal kunne ta kontakt med elev- og lærlingombodet og få hjelp.
3. Dersom dei private vidaregåande skulane ynskjer besøk av elev- og lærlingombodet, må dei dekkje kostnadene med dette sjølv.
4. Dei fylkeskommunale observatørane i styra til dei private vidaregåande skulane skal syte for at årsrapport frå elev- og lærlingombodet vert handsama i styra i dei private vidaregåande skulane.
5. Når den nasjonale evalueringa av ordninga med mobbeombod ligg føre, ynskjer Fylkestinget at det vert lagt fram ei ny politisk sak.»

### **Avrøysting**

Fosse sitt forslag punkt 1-2 og 4-5 vart samrøystes vedteke.

Fosse sitt forslag punkt 3 vart vedteke mot 29 røyster (H, Frp, FNB, KrF, 1V, Pp).

Innstillinga fekk inga røyster og fall.

### **Vedtak**

1. Fylkestinget fastset mandat for mobbeomboda slik det går fram av saksutgreiinga.
2. Fylkestinget fastset mandat for elev- og lærlingomboda slik det går fram av saksutgreiinga, men målgruppa for elev- og lærlingomboda skal vere elevar og lærlingar innanfor det fylkeskommunale og private vidaregåande opplæringstilbodet i Vestland. Alle elevar og lærlingar, uavhengig om dei er i eit fylkeskommunalt eller privat vidaregåande opplæringstilbodet, skal kunne ta kontakt med elev- og lærlingombodet og få hjelp.
3. Dersom dei private vidaregåande skulane ynskjer besøk av elev- og lærlingombodet, må dei dekkje kostnadene med dette sjølv.
4. Dei fylkeskommunale observatørane i styra til dei private vidaregåande skulane skal syte for at årsrapport frå elev- og lærlingombodet vert handsama i styra i dei private vidaregåande skulane.
5. Når den nasjonale evalueringa av ordninga med mobbeombod ligg føre, ynskjer Fylkestinget at det vert lagt fram ei ny politisk sak.